

Forskrift om utvida jakttid på grågås og utvida periode for eggsanking, Kvinnherad kommune, Vestland

§ 1. Formål

Formålet med forskrifta er å regulere grågåsbestanden i tråd med lokale bestandsmål gitt i kommunal forvaltningsplan for grågås, med vekt på å avgrense skadeomfang på aktivt drivne innmarksareal.

§ 2. Utvida jakttid

Jakttida på grågås blir utvida med 20 dagar i forkant av ordinær jakttid, dvs. frå og med 21. juli til og med 9. august. Jakta skal føregå i tidsrommet kl. 04:00–10:00.

Det er berre tillate å jakte på dyrka mark og gjødsla beite, og inntil 30 meter frå slike areal. Dei første fem dagane av 20-dagarsperioden skal jakta vere avgrensa til flygande fugl over aktivt drivne innmarksareal.

Jaktinnsats og fellingsresultat i den utvida jaktperioden skal rapporterast til kommunen.

§ 3. Utvida periode for eggsanking

Det blir opna for utvida periode for sanking av egg av grågås til og med 25. april.

Det skal minst ligge att 2–3 egg i kvart reir. Tal sankar egg og tal reir det er sankar frå skal rapporterast til kommunen.

§ 4. Iverksetting og varigheit

Forskrifta trer i kraft straks, og gjeld inntil den blir avløyst eller endra i tråd med revisjon av sentral [forskrift om jakt- og fangsttider](#).

Forskrifta gjeld ikkje i naturreservat eller andre område som er verna i medhald av [naturmangfaldlova](#).

§ 5. Oppheving

Statsforvaltaren kan når som helst oppheve forskrifta dersom den medfører uønskte konsekvensar.

§ 6. Straff

Brot på denne forskrifta blir straffa etter [viltlova § 56](#).